Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/348-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Samnanger kommune, Kontrollutvalet	**13/23**	**28.08.2023**

Forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmann om å:

1. Sørge for at kommunen gjennomføre risikovurderingar av sjukefråvær i særleg utsette einingar i kommunen
2. Sørge for at kommunen utarbeider eit system for evaluering av oppfølging og førebygging av sjukefråvær
3. Sørge for at kommunen utarbeider ei handbok i leiing om kva ansvar og oppgåver som inngår i det å vere personalansvarleg og kva forventningar som blir stilte til personalansvarlege leiarar
4. Kommunestyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2023 , som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om revisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rådmannen fekk og ordet i saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret ber rådmann om å:

1. Sørge for at kommunen gjennomføre risikovurderingar av sjukefråvær i særleg utsette einingar i kommunen
2. Sørge for at kommunen utarbeider eit system for evaluering av oppfølging og førebygging av sjukefråvær
3. Sørge for at kommunen utarbeider ei handbok i leiing om kva ansvar og oppgåver som inngår i det å vere personalansvarleg og kva forventningar som blir stilte til personalansvarlege leiarar
4. Kommunestyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2023 , som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Samandrag

Kontrollutvalet har bestilt forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning og kontrollutvalet skal handsame revisjonsrapporten i dette møte. Kontrollutvalet skal gje innstilling til kommunestyret som skal fatte endeleg avgjerd i saka. Forslag til innstillinga i saksframlegget bygger på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen om å koma med tilbakemelding på revisjonsrapporten.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Forvaltningsrevisjon - Sjukekefråver personalforvaltning og rekruttering 130723

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet behandla 21.11.2022 bestilling av forvaltningsrevisjon, og gjorde slikt vedtak i sak PS 41/22:

Vedtak

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan bemanning og sjukefråvær.*
2. Kontrollutvalet ber BDO levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt
3. Utvalet ber BDO levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 15.01.2023
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i sitt første møte i 2023

Med utgangspunkt i det som går fram over har BDO levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av bemanning og sjukefråvær. **Revisor har endra namnet på prosjektet til forvaltningsrevisjon av personalforvaltning**, noko sekretariatet vurderer som føremålstenleg.

Av den føreslegne prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

> *Føremålet er å kaste lys over korleis kommunen følgjer opp sjukefråvær, driv personalforvaltning og rekrutterer nødvendig kompetanse..*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisor formulert følgjande problemstillingar:

1. *I kva grad arbeider kommunen systematisk med oppfølging og førebygging av sjukefråvær innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst?*

2. *Har Samnanger kommune ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling knytt til personalforvaltninga innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst?*

3. *Har Samnanger kommune føremålstenlege system og rutinar knytt til rekruttering for å møte rekrutteringsbehova innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst?*

Problemstillingane er operasjonaliserte i prosjektplanen, og revisor har definert revisjonskriteria som problemstillingane skal vurderast opp imot.

Revisor har definert slik avgrensing av prosjektet

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å gjelde dei vedtekne problemstillingane og tek for seg sjukefråvær, personalforvaltning og rekruttering. Det blir føreslått ei organisatorisk avgrensing av revisjonen basert på tilgjengeleg informasjon om sjukefråvær. Føremålet er å sikre at revisjonen har størst merksemd på dei einingane der utfordringane med sjukefråvær er størst. Derfor blir revisjonen og dei tre problemstillingane føreslått avgrensa til dei følgjande einingane:

- *Pleie og omsorg*
- *Oppvekst*
  - *Dråpeslottet barnehage*
  - *Vassloppa barnehage*
  - *Samnanger barneskule*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gjennomføra forvaltningsrevisjon. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet skal utvalet innstille til kommunestyret som gjer vedtak, jf. kommunelova §23-3.

Vurderingar og verknader

Prosjektet er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Deloitte har i revisjonen nytta dokumentanalyse, ei spørjeundersøking og intervjuar.

Av rapporten kjem det fram slik konklusjon og tilrådingar på s. 3:

Vi finn at kommunen i noka grad arbeider systematisk med oppfølging og førebygging av sjukefråvær innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst. Vi vurderer at kommunen har etablert rutinar og ansvarsområde som er tydeleg definerte knytt til oppfølging av sjukefråvær, men vi ser behov for meir systematisk tilnærming til arbeidet med å førebyggje sjukefråvær i kommunen.

Vidare er konklusjonen til revisor at kommunen har ein tydeleg rolle- og ansvarsfordeling knytt til personalforvaltning innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst. Vi vurderer likevel at det er behov for å i større grad skrive ned kva ansvar og kva oppgåver personalansvarlige leiarar har.

Når det gjeld rekruttering og rekrutteringsbehov, er konklusjonen til revisor at kommunen og einingane har formålstenlege system og rutinar knytt til gjennomføring av rekrutteringsprosessen. Systema og rutinane bidrar i liten grad til å ta vare på rekrutteringsbehova innanfor einingane Pleie og omsorg og Oppvekst, men vi vurderer det som positivt at det blir jobba med ein strategisk kompetanseplan.

<u>På bakgrunn av ovennevnte har vi følgjande hovedtilrådingar:</u>

1. Kommunen bør gjennomføre risikovurderingar av sjukefråvær i særleg utsette einingar i kommunen.
2. Kommunen bør utarbeide eit system for evaluering av oppfølging og førebygging av sjukefråvær.
3. Kommune bør utarbeide ei handbok i leiing om kva ansvar og oppgaver som inngår i det å vere personalansvarlig og kva forventningar som blir stilte til personalansvarlige leiarar.

Rådmannen har gjeve uttale til revisjonsrapporten på s.22

«Rådmannen opplever at det er gjennomført ein kritisk og god gjennomgong av tema for forvaltningsrevisjonen. Dette gjev oss viktig innsikt i kva område som på mange vis fungerer godt, men trekk også fram vesentlege betringspunkt. Dette vert vurdert å vere godt læringsgrunnlag som er verdsatt.

Årshjul som kan sikre heilskapleg og overordna plan for sjukefråversarbeidet, inkl. revisjon og kontroll, vil bli utarbeidd. Handbok for leiarar vil me også følgje opp. Dette vil saman med leiaravtalar for einingsleiarar styrke leiarane våre i rolla si.

Når det gjeld rekruttering er me i desse dagar i ein fase kor me skal byte rekrutteringssystem. Det vil kreve opplæring slik det i konklusjonen vert peika på. Rådmannen vil følge opp tilrådinga om å sikre grundig rutine og opplæring av leiarar slik at dei sjølve kan ta ansvar for rekrutteringa, inkl. krava til forrett. I den strategiske kompetanseplanen vil det bli peika på korleis denne skal følgast opp ute i einingane slik at me vert godt skodde for tidene som kjem, inkl. dei endrings- og omstillingsbehov me vil møte. Det inneber å ha kontroll over dei behov me har både på kort (notid) og lang sikt.

Temaet sjukefråver er eit samansatt område å arbeide med. Faktorane som spelar inn og som kan forårsake høgt sjukefråver er mangfaldige og dei virkar på kvarandre. Dette krev at ein både har god strukturforståing, men også god analyseforståing. Rådmannen opplever at dette er i tråd med dei vurderingar BDO viser til i rapporten.

Rådmannen si oppgåve er mellom anna å sikre at leiarane har ein god strukturbase i styringsdokumenta våre. Noko som vil leie til at dei er godt skodde til å gjere jobben sin på eit kvalitativt godt vis. BDO har gjeve verdfull innsikt som vil løfte kommunen vidare.»

Konklusjon

Forslaget til innstilling i saksframlegget byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen om å kome med tilbakemelding på revisjonsrapporten innan 01.11.2023